



Alexandru-Constantin Zidaru
Mildevegen 182
5259 HJELLESTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/102 - 23/13362

Saksbehandlar:
Therese Lyngbo Iversen
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:
09.06.2023

Gbnr 133/20 Skor - Søknad om utslepp frå fritidsbustad til tett tank - Vedtak

Administrativt vedtak. Saknr: 167/23

Tiltak: Utsleppsløyve
Byggjestad: Gbnr: 133/20
Tiltakshavar: Alexandru-Constantin Zidaru
Ansvarleg søkjar: Salhus Vvs As
Søknadstype: Søknad om utslepp, jf. ureiningsforskrifta § 12-4.

- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) FOR-2004-06-01-931.

Forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå mindre avlaupsanlegg, Osterøy kommune, FOR-2019-11-27-2275.
Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

Type utslepp : Tett tank

Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i ureiningslova § 11 og ureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå fritidsbustad på gnr. 133 bnr. 20, på fylgjande vilkår:

- Utslepp frå toalett skal gå til tett tank.**
- Tømming av slamavskiljar må kunna utførast av offentleg tømmebil.**
- Tett tank-løysing skal utførast i tråd med NS1545. Avtale om tømming frå eit godkjent slamtømmeselskap må vera på plass før anlegget vert godkjend og teke i bruk. Tømmeselskapet skal melda i frå til kommunen når tømming er utført. Det vert stilt krav om alarm, som varslar i god tid før tanken er full, direkte til slamtømmer.**

- **Avlaup skal vera utført i samsvar med gjeldande forskrift, jf. "Forskrift om begrensning av forurensning" kapittel 12, lokal kommunal ureiningsforskrift og administrative reglar for Osterøy kommune.**
- **Tiltaket kan ikkje ta til før det er søkt om og gjeve løyve etter plan- og bygningslova."**

Tiltak

Saka gjeld søknad om utslepp og bygging av avlaupsanlegg på gnr. 133 bnr. 20.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.01.2023 og supplert 06.02.2023 og 02.06.2023.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustad-område.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med ureiningsforskrifta § 12-4, nr. 2 og pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 07.01.2023.

VURDERING

Ureiningslova

Saka gjeld søknad om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå fritidsbustad på gnr.133 bnr. 20.

Det er i søknaden synt til at søknaden gjeld utslepp frå fritidsbustad til tett tank.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Konklusjon

Kommunen vurderer at det kan gjevast utsleppsløyve til tett tank frå eksisterande fritidsbustad på gnr. 133 bnr. 20, jf. ureiningsforskrifta § 12-5.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det

vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er ute eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, er eventuell retting av tiltak tiltakshavar sitt ansvar.

Til orientering

Kopi av dette vedtaket, og andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 23/102.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av ureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter ureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. ureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med ureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Ureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa ureiningsproblem, kan ureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med ureiningslova § 18 og ureiningsforskrifta § 12-14.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33, hamne- og farvasslova § 33 og ureiningslova § 52a med forskrifter og gebyrregulativ vedteke i Osterøy heradsstyre vert det fylgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum kr.
17.2.1.a	Utsleppsløyve		6.000,-
	Totalt gebyr å betala		6.000,-

Kode	Art	Ansvar	Teneste	Kostnads stad	Objekt	Mva/ Mva.k	Debet	Kredit
17.2.1.a	16200	69000	3021		A00123			6.000,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Therese Lyngbo Iversen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Forum Arkitekter As

Damsgårdsveien 5058
16

BERGEN

Mottakarar:

Alexandru-Constantin Zidaru
Salhus Vvs As

Mildevegen 182 5259
Salhusvegen 257B 5107

HJELLESTAD
SALHUS